



Arkivnr: 2014/13889-84  
Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		28.11.2017

## Høyringsuttale til NOU 2017:11. Framtidig organisering av politiet sine særorgan

### Samandrag

Eit regjeringsoppnemnd utval overleverte 18. mai 2017 sin rapport NOU 2017:11 *Bedre bistand. Bedre beredskap. Framtidig organisering av politiets særorganer*.

I lys av nærpolitireforma og venta kriminalitetsutvikling har utvalet vurdert behovet for å endre noverande organisering og oppgåveløysning i politiet sine særorganer. Ein konsekvens av dette er å leggje ned Utrykningspolitiet (UP), og overføre trafikkoppgåvene til politidistrikta.

Med bakgrunn i denne prosessen har Trygg Trafikk Hordaland utarbeida eit forslag til høyringsuttale som ligg ved dette saksframlegget.

### Forslag til vedtak

1. Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland er uroa over dei mange alvorlege trafikkulukke på vegane i Hordaland, og meiner Utrykningspolitiet (UP) er eit viktig særorgan som må oppretthaldast for i best mogleg grad kunne vere med å hindre alvorlege trafikkulukker.
2. Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland ber Justis- og beredskapsdepartementet om ikkje å ta forslaget i NOU 2017:11 *Bedre bistand. Bedre beredskap. Framtidig organisering av politiets særorganer* om å leggje ned Utrykningspolitiet (UP) til følge.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

1 Framlegg til uttale frå FTU i Hordaland - høyring om UP

**Fylkesrådmannen, 13.11.2017**

**Bakgrunn**

Eit regjeringsoppnemnd utval overleverte 18. mai 2017 sin rapport NOU 2017:11 *Bedre bistand. Bedre beredskap. Fremtidig organisering av politiets særorganer*.

I lys av nærpolitireforma og venta kriminalitetsutvikling har utvalet vurdert behovet for å endre noverande organisering og oppgåveløysning i politiet sine særorganer. Ein konsekvens av dette er å leggje ned Utrykningspolitiet (UP), og overføre trafikkoppgåvene til politidistrikta. Høyringsfristen er sett til 1. desember 2017. Rapporten er tilgjengeleg her:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2017-11/id2553617/>

**Prosess i FTU**

Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland fekk i sitt møte 7. juni 2017 orientert om saka gjennom RS 5/17 *Særorganutgreiinga – NOU 2017:11 – forslag om å leggje ned Utrykningspolitiet (UP)*.

I etterkant av dette møtet har Trygg Trafikk Hordaland, gjennom si rolle som konsultativ medlem i Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU), vore i dialog med alle dei politiske medlemmene i FTU med tanke på om FTU skulle sende ein eigen høyringsuttale. Med bakgrunn i denne prosessen har Trygg Trafikk Hordaland utarbeida eit forslag til høyringsuttale som ligg ved dette saksframlegget.

**Fylkesrådmannen sine kommentarar**

Etter § 40a i Vegtrafikkloven har fylkeskommunen eit ansvar for trafikksikringsarbeidet gjennom å «tilrå og samordne tiltak for å fremme trafikksikkerheten i fylket», og i Hordaland er dette arbeidet lagt til FTU. Etter fylkesrådmannen sitt syn står FTU i ei særstilling med omsyn til å kunne løfte og diskutere ulike saker innanfor trafikktryggleik, - ut frå FTU si samansetjing av politikarar og fagpersonar. Saka som her vert lagt fram er ei sak om verkeleg set trafikksikringsarbeidet i Noreg på dagsorden, og FTU i Hordaland bør kunne samlast om å gje ein høyringsuttale i ei slik sak.

Fylkesrådmannen merkar seg også at *Fylkestrafikksikringsutvalget i Oppland* har hatt saka på dagsorden, og sendt sin uttale til Justis- og beredskapsdepartementet, med kopi til alle FTU i landet.

Fylkesrådmannen rår til at FTU gjev ein uttale til *NOU 2017:11 Bedre bistand. Bedre beredskap*, basert på det framlegget til uttale som ligg ved dette saksframlegget.